



VESTLANDSFORSKING

VF-notat nr. 2-2025

Spor.

## Toleevneanalyse for fire populære turmål i Sogn

Bakgrunnsnotat til «Moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden», oppdrag finansiert av Sognarådet.

---

Haaken Christensen og Trygve Sunde Kolderup, Spor Natur og Reiseliv AS

|                |                                                         |
|----------------|---------------------------------------------------------|
| VF-rapport     | 2-2025                                                  |
| Utgitt av      | Vestlandsforskning                                      |
| Adresse        | Postboks 163, 6851 Sogndal                              |
| Prosjekttittel | Moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden |
| Oppdragsgivar  | Sognarådet                                              |
| På framsida    | Utsikt frå turen til Prest i Aurland                    |
| Foto           | Spor natur og reiseliv                                  |

Creative Commons Namngiving 4.0 Internasjonal lisens  
Vestlandsforskning 2021: CC BY-NC 4.0

[www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

## Innhald

|                                                                          |    |
|--------------------------------------------------------------------------|----|
| Bakgrunn og metode.....                                                  | 4  |
| PREST (1478 moh) / RØYRGRINDSVARDEN (1365 moh), Aurland kommune<br>..... | 7  |
| Om turmålet:.....                                                        | 8  |
| Utfordringar:.....                                                       | 10 |
| Forslag til tiltak / anbefalingar: .....                                 | 11 |
| MOLDEN (1116 MOH), Luster kommune.....                                   | 15 |
| Utfordringar / presspunkt:.....                                          | 17 |
| Forslag til tiltak / anbefalingar: .....                                 | 20 |
| VETTISFOSSEN-UTLADALEN, Årdal kommune.....                               | 22 |
| Om turmålet.....                                                         | 23 |
| Utfordringer / presspunkt:.....                                          | 27 |
| Forslag til tiltak / anbefalingar: .....                                 | 31 |
| KONGEVEGEN i Lærdal kommune - VINDHELLAVEGEN .....                       | 33 |
| Om turmålet.....                                                         | 34 |
| Ferdsl på Vindhellavegen.....                                            | 35 |
| Utfordringar / presspunkt.....                                           | 38 |
| Kongevegen - Faktaboks Galdane.....                                      | 42 |
| Oppsummering og generelle tilrådingar.....                               | 43 |

# Forord

Som del av oppdraget «moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden» som Vestlandsforsking fekk av Sognarådet, skulle det gjerast ein vurdering av infrastruktur ved fire populære turmål i Sogn. Infrastruktur ved mykje besøkte naturbaserte attraksjoner er eit er eit høgaktuelt tema fleire stader enn i Sogn, og vi har difor valt å publisere eit eige notat basert på arbeidet. Ei oppsummering av notatet ligg i hovudrapporten «Moglegheitsstudie og Tolegrenseanalyse av Sognefjorden».

Takk til alle som har bidrege med innsikt gjennom samtalar, intervju og møter.

Oslo, 15. desember 2025

Haaken Christensen og Trygve Sunde Kolderup, Spor Natur og reiseliv

[www.spor.eco](http://www.spor.eco)

## Bakgrunn og metode

Denne rapporten er ein del av prosjektet «Moglegheitsstudie og tolegrensanalyse for Sognefjorden». Rapporten svarar på punkt 5b) i oppdraget. I delrapporten ser vi nærare på kva som er status på infrastruktur for naturbasert reiseliv. I samråd med arbeidsgruppa i prosjektet er det valt ut fire turmål der vi skal sjå nærare på ferdselsproblematikk, slitasje og eventuelle behov for tilrettelegging og førebygging.

Dei fire utvalde turmåla er Molden (Luster kommune), Prest (Aurland kommune), Vindhellavegen på Kongevegen (Lærdal kommune) og Utladalen til Vettisfossen (Årdal kommune).

Turmåla er valde fordi dei har ulik geografisk plassering og ulike utfordringar. Utfordringane på turmåla, og løysingane på desse, er overførbare til andre turmål i regionen.

### *Besøksforvalting*

Reiselivsnæringa er i vekst. Norsk natur og kultur tiltrekk seg stadig fleire besøkande, og trendar som coolcation og valutasituasjonen gjer at enda fleire ser mot Noreg når dei skal på ferie. Konsekvensar av økt ferdsel og bruk av natur til både reiseliv og friluftsliv aukar behovet for å finne balansen mellom naturforvalting og besøksstyring. Slitasje på stiar og vegetasjon, forstyrring av dyreliv og infrastruktur som er underdimensjonert ser vi stadig oftare på norske reisemål.

Kombinasjonen av meir ferdsel og eit villare og våtare vær, bidreg også til slitasje på fleire og nye stader. I tillegg er det på mange turmål fleire uerfarne brukarar enn før, samstundes som mange av desse har ein høgare forventning til graden av tilrettelegging på eit turmål.

## Metode

For å vurdere dei fire turmåla har vi nytta oss av dokumentanalyse og semistrukturerte intervju med relevante aktørar knytt til dei fire turmåla. I tillegg har vi gjennomført synfaring på kvart turmål. SPOR hadde synfaring på alle fire turmål i perioden 19.-22. mai 2025. Vi fekk besøkt alle fire turmåla og sett korleis informasjon, skilting, parkering og tilrettelegging er gjort.

I dokumentanalysen har vi tatt for oss kommunale planar, strategiar, verneforskrifter, besøksstrategiar og andre rapportar av relevans for oppgåva.

Vi har intervjuar og hatt samtalar med grunneigarar, kommunale forvaltarar, nasjonalparkforvaltning, destinasjonsselskap, nærings- og reiselivsaktørar, vertskap på besøkssenter samt regionalt friluftsråd og turlag. Samtalane har vore gjennomførte som semistrukturerte samtalar der samtalen har hatt utgangspunkt i nokre faste spørsmål og temaer knytt til turmålet.


På kvart turmål har vi snakka med minimum fire aktørar med ulike oppgåver i tilknytning til turmålet. Totalt har vi snakka med 18 aktørar. Dei fleste intervjuar er føretatt under synfaringa i mai, men nokon intervju er gjorde digitalt i etterkant av synfaringa. I tillegg til dei semistrukturerte intervjuar har vi snakka med andre relevante aktørar som har bidratt med nyttig bakgrunnsinformasjon for prosjektet.

## Besøksforvaltning og tolegrenser

I denne delrapporten vurderer vi korleis dei fire turmåla er påverka av ferdsel knytt til turisme og kva som kan gjerast for å styrke handteringsevnen til turmålet. Tolegrenser knytt til økt ferdsel vert vurdert ut frå betraktningar og erfaringar gjort gjennom intervjuar og synfaringane. Kanalisering av ferdsel, ansvarleg marknadsføring og formidling, styrking av infrastruktur og betre samarbeid om å legge til rette for ferdsel er nokre av verktøya som kan styrke toleevna til eit turmål, ved behov.

I beskrivinga av kvart turmål vurderer vi utfordringar og presspunkt, og gjev våre anbefalingar og forslag til tiltak.

## PREST (1478 moh) / RØYRGRINDSVARDEN (1365 moh), Aurland kommune



*Utsnitt fra Ut.no som viser stien fra parkeringsplassen (blå prikk) og opp til varden på Røygrind (markert med hvitt flagg).*



*Utsikt fra Røygrindsvarden over Aurlandsfjorden. Foto: Trygve S. Kolderup/SPOR*

**Lengde:** Snaut 4 km (t/r Røyrgrindsvarden ) - turen til sjølve toppunktet på Prest er ytterligere 2 km (t/r).

**Sesong:** Mai til oktober

**Toalett:** Nei, næraste toalett er på Stegastein.

**Parkering:** 15 plassar, ingen parkeringsavgift eller restriksjonar

**Antall turgåere:** Turmålet har ikke teljar.

**Skilting:** Svært begrensa med skilt og merking. Stien er (svakt) merka somme plassar med raude T-er. Ingen informasjon ved turutgangspunktet.

**Verneområde:** Nei

**Beskriving på VisitSognefjord:**

<https://www.sognefjord.no/listing/vandring-til-prest-1457-moh-aurland/644909306/>

**Beskriving på UT.no:** Ja, men under navnet Røyrgrindsvarden:

<https://ut.no/kart/sted/142387231/ryrgrindsvarden-prest#13.56/60.92417/7.22354>

**Tilknyttet offentlig transport:** Ja, Norways Best har buss frå Aurland/Flåm i sesongen (same buss som går til Stegastein). Bussen går inntil 12 ganger i døgnet.

### Om turmålet:

Varden på Prest er eit populært turmål med vakker utsikt over Aurlandsfjorden. Turen har utgangspunkt frå den nasjonale turistvegen over Aurlandsfjellet, snaut to kilometer ovenfor utsiktspunktet/turistattraksjonen ved Stegastein. Det antas at dei aller fleste går turen fra parkeringsplassen og opp til Røyrgrindsvarden (1365 moh). Denne traseen er snaut to kilometer ein veg og har ein høgdeforskjell på omtrent 500 meter. Turmålet vert omtala som "Prest" sjølv om det er ytterlegare 100 høgdemeter og omtrent ein kilometer til sjølve toppunktet på Prest (1478 moh).

Turen er enkelte stader bratt, men vert på nettsider både beskrive som «ein fin topptur for heile familien» samstundes som den og har vanskelighetsgrad *krevjande* i dei same beskrivingane. Stien er ikkje merka, og det er på fleire plasser i ferd med å danne seg fleire stiløp. På fleire plassar finn vi korte stiar frå hovudstien og ut til utsiktspunkt undervegs.

For Nærøyfjorden Verdsarvpark/verdsarven spiller Prest ein viktig, kanalisierende rolle ved at mange av dei besøkande i området vel Prest framfor å spreie seg på fleire andre turmål.

Med utgangspunkt frå parkeringsplassen ved Prest, er det populært å sette opp teltleir langs ryggen mot Høgåsen. Dette området er lett tilgjengeleg ved at det ligg kun få minutters gange frå parkeringsplassen, og gir teltarane storslått utsikt.

Til trass for at det er eit svært populært turmål, er tilrettelegginga svært avgrensa. Parkeringsplassen for turen er liten (ca 15 plassar) og i høgsesongen er det rapportert om store parkeringsutfordringar. Det er ingen parkeringsavgift eller forbod mot parkering om natta. Det gjer at parkeringsplassen er populær blant bubil-turistar. På dagar med mykje besøk er det fleire som parkerer langs fylkesvegen.

Det er planar om utviding av parkeringsplassen på Stegastein. Denne parkeringsplassen skal bli betydeleg større enn i dag, og ein eventuell utviding vil kunne få betydning for bruken av parkeringsplassen på Prest.

Det manglar informasjonstavler ved turutgangspunktet som gir dei besøkande informasjon om turlengde, høgdemeter, gradering etc + informasjon om ønska oppførsel (bandtvang, bålforbud, allemannsplikter).

Grunneigarlaget er tydeleg på at dei meiner antalet besøkande på Prest har nådd ei tolegrense, og er samstundes skeptiske til vidare tilrettelegging då dei

er redd for at dette vil føre til enda fleire turgåarar. Dette er også grunnen til at turen ikkje blir skilta og merkt.

### Utfordringar:

Det er fleire utfordringar knytt til den store ferdselen på Prest. Fleire av utfordringane skyldas at turmålet nyttas av mange teltarar og bubilturistar.

Respondentane nemner utfordringar på Prest særleg knytt til toalettbesøk i naturen frå teltarar og fotturistar. Dette gir utslag i vond lukt og søppel/avføring, særleg i området rundt parkeringsplassen og langs ryggen mot Høgåsen der dei fleste teltar.

Det er og eit problem at bålplassar blir etablert, til trass for at det er generelt bålforbod frå 15. april til 15. september. Dette skapar både sår og slitasje i naturen, og det er tidvis stor brannfare i furuskogen ned mot Stegastein. Mangel på informasjon på parkeringsplassen bidreg til at mange av teltarane antagelegvis ikkje er klar over bålforbudet.

Det er heller ingen parkeringsrestriksjonar på parkeringsplassen, og denne nyttas difor ofte til nattparkering av bubilar.

Grunneigar har ikkje ønske om ytterlegare tilrettelegging, og som følge av det er stien frå parkeringsplassen og opp til Prest verken skilta eller godt merka. Mangel på skilt bidreg til at det stedvis blir etablert fleire stiløp, noko som gir auka naturslitasje.



Gitt at Prest er eit turmål som blir marknadsført tungt på nettsidene til Visit Norway, Visit Sognefjord og Norways Best, bør turmålet og bli beskrive på ein hensiktsmessig måte på UT.no. Turportalen UT.no vert brukt av svært mange nordmenn, og Prest er eit turmål med berre ein kort og mangelfull beskriving på UT.no i dag som seier lite om turens nivå og forventta oppførsel av turgåere. Tydelegare informasjon om turen på UT.no vil kunne ha ein viktig "oppdragande" effekt på særleg dei norske turgåarane. Om turen hadde vore merka etter graderingane i Merkehandboka, ville han truleg fått merkinga «blå», men ligg likevel tett opp mot «raud» på grunn av høgdeskilnaden og brattheiten.

Turskildringane på Visit Norway, Visit Sognefjord, Fjord Norge og Norways Best beskriv turen dels som krevjande og dels som ein toppstur for heile familien. Dette gjer det vanskeleg for norske og utenlandske turistar å vite kor krevjande turen faktisk er og kva turgåarane kan forvente.

SPOR meiner betre merking og skilting vil kunne ha ein kanaliserande effekt og redusere slitasjeproblematikk. Turmålet bør få ein vesentleg betre skilting og merking enn i dag. Ved turutgangspunktet bør man sette opp eit skilt som beskriv turen og synar denne i kart – og der turgåarane får informasjon om nødvendige klede, lengde og høgdemeter på turen og ønska oppførsel (informasjon om allemannsrett, bålforbud, beitedyr, båndtvang etc). I tillegg er det viktig med informasjon om næraste toalett (Stegastein) og at det er viktig å følgje stien for å unngå slitasje. Det er lite truleg at alle dei besøkande til Prest kjenner til alt dette, og informasjonen vil difor kunne ha ein "oppdragande" effekt og bidra til at turgåarane oppfører seg på ein meir skånsom måte. Det er også mangelfull skilting og merking langs stien. Ein årsak er at grunneigar ikkje ønsker tilrettelegging i frykt for at det kan gi økt trafikk. Dette skapar utfordringar, da Prest allereie er eit turmål som blir marknadsført tungt av reiselivsnæringa lokalt og regionalt. Nå er det ein situasjon der ein inviterar mange til turmålet, men gir liten informasjon om korleis man ønsker at dei inviterte skal oppføre seg.

SPOR anbefaler at Visit Sognefjord brukar Google Maps til å få formidla ut ønska informasjon om Prest. Dette er verktøy som nyttas av eit stort antal besøkande - ofte i langt større grad enn destinasjonsselskapet sin eigen nettside. I dag står det kun “anmeldingar” frå brukarar tilknytta parkeringsplassen på " Mt Prest Hike Parking Lot”, og denne er tidvis feil/misvisande. Visit Sognefjord bør “ta eigarskap” til den offisielle informasjonen om eit turutgangspunkt og gjennom det gi dei besøkande den naudsynte informasjonen, deriblant informere om busstilbodet som kan bidra til å avhjelpe på parkeringsutfordringene.

Toalettutfordringane kan verte løyst gjennom ein midlertidig toalettløysing (“festival-do”) på parkeringsplassen i sommersesongen. Dersom det viser seg at dette reduserar utfordringane i området, kan ordninga bli permanent for framtidige sommersesongar. Eit slikt prosjekt krev at det vert følgd opp med ressursar til drift og vedlikehald. Eit annet alternativ er å kopiere denne løysinga frå Lofotodden nasjonalpark:

<https://www.nrk.no/nordland/baesjeposer-en-suksess-i-lofoten-1.16527657>

<https://www.nina.no/Om-NINA/Aktuelt/Nyheter/article/tester-baesjeposer-for-mennesker-i-lofoten-i-sommer>

### ***Samarbeid og samhandling***

Kommunen bør ta initiativ til eit felles, fysisk møte for å diskutere utfordringane på Prest. Målet bør vere å løyse utfordringane og bli enige om korleis ein skal utvikle turmålet vidare. Grunneigarlaget, Visit Sognefjord, Nærøyfjorden verdsarvpark, Statens Vegvesen og kommunen bør delta.

Det kan vere grunn til å vurdere restriksjon mot nattparkering av bubilar/campingvogner (som på Molden). Eit slikt tiltak bør man sjå i eit større perspektiv, då eit uønska resultat av dette kan være at problemet vert forskyva og at bubilane flyttar seg langs andre delar av fylkesvegen, der det allereie er rapportar om tidvis svært mange teltarar og bubilar.


### ***Vertskap og informasjon***

Ei anna anbefaling er å vurdere vertskap/turistvertar på parkeringsplassen i sommarsesongen og på populære utfartsdagar. Disse kan informere og rettleie besøkande og bistå i parkeringsavvikling. Dette er gjort på populære turmål som Trolltunga og Kjerag og bidrar til ein betre oppleving for dei besøkande. Det vil kunne være mogleg å få tilskot til denne vertskapsrolla frå Miljødirektoratet sin tilskotsordning for “Nasjonale turiststier”. Grunneigar signaliserte at vertskap kan være ein jobb som grunneigarlaget kan være interessert i, og det kan i så måte både bidra til betre gjesteopplevingar og lokal verdiskaping.

Nasjonale turistvegar skal teste vertskap på parkeringsplassen som eit pilotprosjekt på Stegastein sommaren 2025. Erfaringane frå pilotprosjektet vil være nyttige for å vurdere ein tilsvarande ordning på parkeringsplassen for Prest.

Prest ligger i randsona til Nordfjella sone 2 for villrein. Reinen i dette området skal reetableras etter nedskyting pga sykdom, og det bør, saman med naturforvaltar og villreinforvaltninga for Nordfjella (og fylkeskommunen), vurderas om reetablering kan føre til auka informasjonsbehov i området Prest og over fjellet langs Aurlandsvegen. Dette bør også koordineras med Statens vegvesen og Nasjonale turistveger.

## MOLDEN (1116 MOH), Luster kommune



*Utsnitt frå Ut.no som viser ruta frå parkeringsplassen på Krossen og opp til Molden.*



*Utsikt frå Svarthiller over Lustrafjorden. Foto: Trygve S. Kolderup/SPOR*

**Lengde:** 8,6 km (t/r)

**Sesong:** Slutten av mai til og med oktober

**Toalett:** Det er toalett ved turutgangspunktet på Krossen (parkering)

**Parkering:** Omtrent 80 parkeringsplassar. Parkeringsplassen er gratis og har forbod mot parkering mellom 00-06 for å unngå overnatting og bubilar som campar.

**Antall turgåarar:** Har kun hatt teljar i juli 2024. Teljaren sto nær start-/sluttpunktet for turen, og registrerte 16.000 passeringar, noe som tilseier omtrent 8000 personar.

**Skilting:** Turmålet er skilta i tråd med Merkehåndboka. Luster kommune er ansvarleg for skiltinga.

**Verneområde:** Nei

**Beskriving på VisitSognefjord:**

<https://www.sognefjord.no/listing/molden/644734306/>

**Beskriving på UT.no:** <https://ut.no/turforslag/118573/topptur-til-molden-fra-krossen>

**Turutgangspunktet er tilknytta offentleg transport:** Nei

### **Om turmålet:**

Molden (frå parkeringsplassen på Krossen) er eit av dei mest populære turmåla i Sogn, og har særleg dei siste åra trukket til seg eit stort antall turgåarar. Sesongen er forhaldsvis lang, utsikta fra toppen er spektakulær og Molden er eit av dei prioriterte turmåla i området som vert framheva i kommunikasjonen frå destinasjonsselskapet.

Stien vert også nytta til stisykling. Stien fra Mollandsmarki til Molden er mellom anna beskrive på trailguide (<https://trailguide.net/958>).

Som følgje av slitasjeproblematikk, er stien mellom Krossen og Molden utbedra i fleire omgangar med kloppar i tre samt fleire steintrapper/sherpatrapper. Det er etablert eit par pausebenkar på vegen oppover. På toppen av Molden er det ein rastebu/dagsturhytte.

Som følge av mange besøkande og tendensar til parkeringskaos på turutgangspunktet ved Krossen, blei parkeringsplassen utvida i 2019. Det er

nå omtrent 80 parkeringsplassar. For å unngå at parkeringsplassen vert nytta som overnattingsplass for bubilar, er det forbod mot parkering mellom kl 00 og 06. Det er Sogndal Kommune som har ansvar for å håndheve parkeringsreglementet.

Det er ikkje parkeringsavgift på parkeringsplassen. Frå våren 2025 har Raaum Gård ein serveringsvogn (Food Truck) plassert på parkeringsplassen. Denne er open i helger og på utfartsdagar i starten og slutten av sesongen, og dagleg i høgsesongen (20.juni-17.august). I opningstida har dei tilsette i serveringsvogna også ansvar for vask og sjekk av toalettet på parkeringsplassen. Stien og parkeringsplassen er tilrettelagd av Luster Kommune.



*Nytt serveringstilbod på parkeringsplassen på Krossen + døme på skilting oppover mot Molden. Foto: Trygve Sunde Kolderup / SPOR*

### Utfordringar / presspunkt:

Molden blir opplevd som eit godt, tilrettelagd turmål der det er gjort besøksforvaltningsgrep både på stien og ved turutgangspunktet for å handtere eit høgt antall besøkende.

Av lokale aktører og fastboende som må køyre gjennom parkeringsplassen for å komme til sine bostadar, får kommunen skryt for å være positive og løysingsorienterte. Det visast mellom anna til at tydeleg oppmerking av parkeringsplassane har bidratt til å redusere parkeringsutfordringane på dagar med spesielt mye trafikk.


Bubilparkering / villcamping har tidlegare vært ein utfordring på parkeringsplassen, men forbod mot parkering mellom kl 00 og 06 har vært viktig for å forebygge dette. Det vil vere viktig at forbodet vert følgd opp med kontrollar, og at det ikkje vert etablert ein forståing på bubil-apper etc om at forbodet ikkje vert handheva. Det vil kunne være eit problem at bubilar flyttar seg vekk frå parkeringsplassen og til andre veglommer / -skuldre i nærområdet. Det er difor viktig at det tidleg og tydeleg i “kundereisa” vert formidla informasjon om at nattparkering på Krossen er forbode.

Frå Rv55 og opp til parkeringsplassen på Krossen er det drygt 2 kilometer på grusveg. Denne vegen er stedvis smal og ikkje dimensjonert for stor trafikk, og mange, store køyretøy opp og ned samtidig vil gjere dette til ein flaskehals på store utfartsdagar.


For at Molden skal tole mange turgåarar, vil det være viktig at tilretteleggingstiltaka som er gjort vert halde vedlike. Desse kan med fordel utbedrast noko (sjå punkt under) for at slitasjeproblematikk skal reduserast. For å forebyggje ytterligare slitasje, bør skiltinga ha eit litt større omfang enn i dag. Vidare skilting bør gjerast i tråd med standarden som kjem fram i *Merkehåndboka*<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Lenke: <https://www.merkehandboka.no/merkehandboka/>



Bildet viser heatmap frå Strava. Farga streker viser aktivitet til fots (vandring / stiløping). Jo sterkare gul/orangefarge, jo meir aktivitet. Kartet viser mellom anna at ferdselen i stor grad følger hovedstigen opp til toppplatået, men at den der spreier seg ut over eit forholdsvis stort område.



Bildet viser heatmap frå Strava. Farga streker viser aktivitet med sykkel. Jo sterkare gul/orangefarge, jo meir aktivitet.

## Forslag til tiltak / anbefalingar:

Turmålet kan med fordel skiltast bedre enn i dag. Dette gjeld særleg frå startpunktet, ved Svarthiller og på topplatået. Ved turutgangspunktet bør det settast opp eit skilt som beskriv turen og viser denne i kart – og der turgåarane får informasjon om naudsynt kledning, lengde, høydemeter, at det ikke er toalett undervegs og viktigheita av å følge sti for å unngå slitasje.

Visit Sognefjord kan med fordel bruke Google Maps til å få formidla ønska informasjon om Molden og Krossen. Dette er verktøy som vert brukt av eit stort antall besøkande - ofte i langt større grad enn destinasjonsselskapet sin nettside. I dag står det kun “anmeldingar” frå brukarar tilknytta parkeringsplassen på Krossen, og vi finn at slik informasjon i mange tilfelle er feil eller misvisande. Visit Sognefjord bør “ta eigarskap” til den offisielle informasjonen om eit turutgangspunkt som Krossen og gjennom det informere om åpningstider for servering, parkeringsregler (ingen nattparkering), toalett etc.


Klopping og steintrappar undervegs bidrar til at turmålet tål mange turgåarar, men det er viktig at det vert skilta tydeleg kor ein ønskjar at turgåarane skal ferdast, slik at ein unngår at fleire stiløp vert etablert. Somme tilretteleggingstiltak begynner litt seint og vert avslutta litt for tidlig med tanke på kva hensikt dei har. Det gjer at tiltaket kan miste noko av effekten og får ikkje den kanalisierende effekten det er tenkt at dei skal ha.

Visit Sognefjord har i dag informasjon på norsk, engelsk og tysk om Molden. Turen vert anbefalt som en soloppgangstur – og at det er særleg fint å sjå soloppgangen over Jotunheimen frå Molden i 04-tida om morgonen. Dette vil være vanskeleg å få til med utgangspunkt i dei nye parkeringsregla som forbyr parkering på Krossen fram til kl 06. Parkeringsforbudet mellom 00 og 06 må håndhevast med kontrollar frå Sogndal kommune, og det må informerast tydeleg om forbudet på Visit Sognefjord og andre relevante kanalar.

Dei tilsette i serveringsvogna på parkeringsplassen kan med fordel fungere som vertskap/turistvertar og informere og rettleie besøkande og på populære dagar bistå med parkeringsavviklinga. Dette er gjort på populære turmål som Trolltunga og Kjerag, og bidreg til ein bedre oppleving for dei besøkande. Det vil være mogleg å søke tilskot til denne vertskapsrollen frå Miljødirektoratet sin ordning for "Nasjonale turiststier".

Det vil vere nyttig å sette opp en teljar på stien for å registrere antallet turgåarar på stien, då innsikt i besøkstal og -mønster vil gi kunnskap om effekten av besøksforvaltningsgrep og informasjonsarbeid. Dokumentasjon på besøkstal vil og være relevant inn mot relevante tilskuddsordninger.

## VETTISFOSSEN-UTLADALEN, Årdal kommune



*Kartutsnitt fra Norgeskart (venstre) viser stien fra Hjelle og inn til Vetti. Høgre kart viser Utladalen landskapsvernområde.*



*Utsiktspunktet over Vettisfossen i Utladalen Foto: Trygve S. Kolderup*

**Lengde:** Ca 7 km kvar veg. 5,5 km fra P-plass Hjelle og inn til Vetti gård. Derfra er det 1,5 km og 355 høgdemeter til utsiktspunktet ved fossen. Retur same veg.

**Sesong:** Slutten av mai til og med oktober (avhengig av snøforhold)

**Toalett:** Det er toalett ved Besøkssenter Utladalen og på Vetti gård (i sommersesongen)

**Parkering:** Parkeringa på Hjelle har 56 plassar. Det er ladestasjon til el-bilar.

**Antall turgåarar:** Det er teljing av passeringer på stien til Vettisfossen

**Skilt:** Turmålet er skilta i tråd med Merkehandboka og merkevaren for nasjonalparkar.

**Verneområde:** Turen går gjennom Utladalen Landskapsvernområde som grensar til Jotunheimen nasjonalpark. Turen inn frå Utladalen Besøkssenter er ein mykje brukt innfallsport til Jotunheimen.

**VisitSognefjord:**

<https://www.sognefjord.no/listing/vettisfossen-utsiktspunkt/660397306/>

**UT.no:**

<https://ut.no/kart/sted/145266225/vettisfossen#9.3/61.4023/7.9634>

**Tilknytt offentlig transport:** Tindevegsbussen går frå Hjelle i Utladalen i sommersesongen (<https://www.visitardal.no/transport/tindevegsbussen>)

## Om turmålet

Parkeringsplassen på Hjelle har fått ny utforming, og har nå 56 plassar (tidlegare var det 90 plassar). Mange må parkere i vegen, da parkeringsplassen ofte er full i høgsesongen og i helger. Parkering er gratis, men vi får høyre i våre samtalar at det er ynskje om å etablere ein betalingsløyising. Det er forbod mot å parkere over natta, men det er likevel utstrakt overnatting på P-plassen (bubilar).

Utladalen er verna som landskapsvernområde og grenser til Jotunheimen nasjonalpark. I Utladalen er det gammalt kulturlandskap med slåtteeng og styvingstre. Naturtypen er spesiell, mellom anna på grunn av dei bratte fjellsidene og høge fossar. Ein kombinasjon av godt lokalklima, fuktigheit og gode jordforhald gjev gode føresetnader for eit rikt biologisk mangfald.

Hovudattraksjonen er Vettisfossen som har eit fritt fall på 275 meter. Føremålet med landskapsvernområdet er å tryggje eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark. Området skal kunne nyttas til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske. I Utladalen og Jotunheimen nasjonalpark er det droneforbod og det er utvida båndtvang for hund. Jotunheimen og Utladalen har ein besøksstrategi fra 2012, denne er under revisjon saman med revisjon av forvaltningsplanen<sup>2</sup>.


I fjella i området lever også villreinen. Aukande ferdsel om vinteren knytta til, mellom anna, aukande topptur-turisme utfordrar reinen i ei sårbar tid før kalving på våren. Dette er imidlertid ingen stor utfordring for Utladalen.

Besøkssenteret for Utladalen og Jotunheimen nasjonalpark er eit naturleg startsted for turen inn Utladalen. Senteret er opent helger i mai og kvar dag i juni og juli. Senteret har ei sentral rolle i å informere og formidle til dei besøkande om kulturlandskap og natur i Utladalen og Jotunheimen. På senteret er det kafe og toalett.

I Utladalen har det vore ferdselsteljing sidan 2020. Tabellen under viser utviklinga i passeringar i perioden 2020-2024. I 2021, 2023 og 2024 var teljaren plassert i stien opp mot utsiktspunktet i. I 2022 var teljaren plassert ved fossen nede.

---

<sup>2</sup> Eldrid Nedrelo, nasjonalparkforvalter, pers.medd. epost 7. mars 2025



*Tal passeringar på teljaren til Vettis 2021-2024. Merk at teljaren var plassert ved stien inn til fossen ned i 2022, ellers har den stått på stien til utsiktspunkt oppe.*

Vi ser ein voldsam auke i passeringar opp mot toppen av fossen frå 2023 til 2024. Det kan ha samanheng med at det nye utsiktspunktet vart opna i juni 2023. Etablering av det nye utsiktspunktet kan ha medverka til å trekke fleire folk etter kvart som attraksjonen vart kjend. Det er sannsynleg at ferdsla i dalføret har endra seg etter at utsiktspunktet blei bygd, med fleire som nå går til toppen av fossen i staden for å gå inn under fossen.

Tala for 2024 såg ut til å vera rekordhøge. I 2025 har nasjonalparkforvaltinga hatt ein ny teljar på denne plassen. Teljaren er no plassert lenger inn på stien frå Vetti enn han var i 2024. Tala frå 2024 ser ut til å vise at det er ein god del som har starta /passert teljaren i og snudd før dei kjem til fossen.

Turen til utsiktspunktet ved Vettisfossen er ein del av ruta mellom Hjelle og Vettismorki. Mellom Besøkssenter Utladalen og Vetti gård går turen på ein smal grusveg. Det er mange som nytjar grusvegen fram til Vetti Gård, både til fots og på sykkel. Elsykkel er forbode. Mange snur ved Vetti Gård. Vetti Gård er åpen for servering og overnatting i sommersesongen.

Frå Vetti gård kan man følge elva inn til der fossen treff dalbotnen, eller gå den bratte stien opp til utsiktspunktet over fossen. Stien er stedvis tilrettelagd med steinsetting og nokre plasser med vaier eller kjetting. På toppen og fram til utsiktspunktet er det tydeleg kanalisering av ferdsel. Det er denne stien vi har fokusert på i vår toleevneanalyse.

Årdal Turlag har ei viktig rolle i å legge til rette for ferdsel, gjennom mellom anna skilting og merking. Nasjonalparkforvaltninga set opp skilt og merker etter profilen til Norges nasjonalparker. Det er mange skilt og god informasjon ved startpunktet på Besøkssenteret. Nye skilt vert sett opp før sommeren 2025 for å betre formidlinga om vern, natur og kultur og ansvarleg bruk av området.



*Bilda illustrerer ulike skilt ved turutgangspunkt ved Besøkssenteret og ved stiskillet på Vetti gard. På bilda ser vi fem forskjellige skilt med fem ulike profiler. Foto: Haaken Christensen*

Slitasjeutfordringar på stien fra Vetti gard og fram til utsiktspunktet førte til eit behov for styrka kanalisering av ferdsel og tilrettelegging. Det gamle utsiktspunktet ved Vettisfossen vart bytta ut med ny konstruksjon i 2023.

Det er aukande ferdsel inn til Vettis, og dei aller fleste skal sjå fossen. I samanheng med nytt utsiktspunkt er det satt opp ny bro og ledegjerder det siste stykket fram til utsiktspunktet. Dette ser ut til å ha ein god kanaliserende effekt. Mange gjeng også inn til fossen nede i dalen.



*Kanalisering av ferdsel på veg ut mot utsiktspunktet over Vettisfossen. Foto: Haaken Christensen*

Dei fleste går turen inn til Vetti som individuelle vandrarar. Nokre få kjem i organiserte grupper. Besøkkssenteret tilbyr guida turer. Dei fleste besøkande til Utladalen er relativt godt forberedt, seier dei vi har snakka med.

### **Utfordringer / presspunkt:**

Føremålet med vernet av Utladalen er å ta vare på ein særprega vassdragsnatur og landskapsformar, og eit naturområde med rikt dyre- og planteliv. Det er viktig å ta vare på både fossen, juvet, hekkande rovfugl og ein særeigen gammal furuskog. Det er difor viktig at ferdsel og aktivitet følgjer stigar og anbefalte ruter.

### **Parkering / atkomst**

I sommersesongen er det tidvis utfordringer med parkering på Hjelle. For få P-plasser fører til at fleire parkerer langs vegen. Dette kan skape utfordring for utrykningskøyretøy og landbruk.

### **Toalett**

Det finnes toalett ved besøkkssenteret, og på Vetti gård når den er open. Det er

viktig å informere om at turen til Vettisfossen er ein lang tur, og at besøkande bør gå på do før dei startar på turen inn dalen.

### ***Tilrettelegging av sti***

Turen inn til Vetti gård gjeng på grusveg, og tol mange vandrarak. Ferdsele vidare opp til utsiktspunktet over Vettisfossen har stedvis slitasje, spesielt oppe på plataet frå stidelet mot Skogadalsbøen og utsiktspunktet. I dette området er det, i samanheng med etablering av nytt utsiktspunkt, sett opp ledegjerde fram mot utsiktspunktet. Føremålet med dette er å ta vare på verneverdiane, på same tid som man kanaliserar ferdsel i området.

Stien opp fra Vetti gård til utsiktspunktet er stedvis bratt. For å forberede stien på auka ferdsel, kan det være lurt å setja opp nye vaierar / kjettingar på utsette plassar. Nasjonalparkforvaltinga har planer for slik utbetring i 2025. Det er også planlagt å leggje kloppar på stien ut mot utsiktspunktet, og i våte parti på stien mot Vettismorki. Ved auka ferdsel kan den tronge stien opp fra Vetti gard verte ein flaskehals der det kan oppstå utfordrande situasjonar når vandrarak skal passere kvarandre. Det er ikkje ynskjeleg å utvide stien, seier nasjonalparkforvaltinga.

Tiltaket ser ut til å kanalisere ferdsel på ein effektiv måte. Tilrettelegginga kanaliserar ferdselen ut til eitt punkt, noko som gjev meir føreseieleg ferdsel og bidreg til godt vern av naturen og dyrelivet i området. Effektiv skilting med retningsvisar og fareskilt ser ut til å kanalisere ferdsel til det ønska stiløpet. Det er registrert kritiske forhold i geologien langs kanten av juvet fram mot utsiktspunktet, med risiko for steinsprang og løse massar. Kanalisering av ferdsel oppe ved utsiktspunktet er difor svært viktig, også av omsyn til tryggleiken til besøkande.

Skiltinga ved startpunkt og undervegs på turen manglar ein heilskapeleg profil. Det kan vere vanskeleg å oppfatte bodskap på skilta når det er ulike skilt med fleire ulike profiler og mye informasjon på fleire flater.

### ***Ansvarleg marknadsføring***

Av omsyn til det bratte juvet og tryggleik knytta til ferdsel i området, er det

viktig at bilete i marknadsføringa og informasjon om Vettisfossen bidreg til å kanalisere ferdsel til dei tilrettelagte stiane. Vi finn mellom anna bilete på Visit Sognefjord sine nettsider som viser fossen frå motsatt side av juvet. Slike bilete bør ikkje nyttas i marknadsføringa, då dei kan bidra til auka ferdsel i bratte område der det ikkje er ynskjeleg at folk ferdas<sup>3</sup>.

Fleire av bileta som viser Vettisfossen på Visit Sognefjord sine sider, er tekne med drone<sup>4</sup>. På Instagram finnes også filmar og reels, frå mellom anna Visit Årdal, som viser dronefoto inne ved Vettisfossen. Bruk av drone er forbode i Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark<sup>5</sup>. Bileta er forhåpentlegvis tekne med løyve, men det bør opplysast tydeleg at bruk av drone er forbode og at bilda er tekne med dispensasjon.

På besøkssenteret sine eigne nettsider formidlar dei tydeleg råd og reglar for ferdsel i verneområdet, mellom anna om droneforbod og bandtvang. Vi finn ikkje att slik informasjon om droneforbod på skilt i området. Ikkje alle lesar nettsidene, så det er viktig at desse reglane kjem tydelegare fram på skilt og anna formidling ved innfallsporten og ved utsiktspunktet.


Forsiktig og ansvarleg ferdsel i verneområdet er viktig. Det er viktig å gi god informasjon om korleis ein har ansvarleg atferd, og at turskildringar vert riktige med nyttig informasjon, gjerne på fleire språk. Til dømes er turen til utsiktspunktet ved Vettisfossen ikkje gradert etter Merkehandboka. Den ville sannsynlegvis fått rød gradering, noko som vil kunne gjere vanskelighetsgraden for turen lettare å forstå for internasjonale gjestar.

---

<sup>3</sup> Dialog med nasjonalparkforvaltar

<sup>4</sup> Lenke: <https://www.sognefjord.no/listing/vettisfossen-utsiktspunkt/660397306/>

<sup>5</sup> Lenke: <https://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen/nyheter/du-har-faktisk-ikkje-lov-til-a-bruke-dronen-din-i-jotunheimen-og-utladalen>



*Figur: Desse karta viser Strava heatmap for heile turen (venstre) inn til Vetti, og detaljert utsnitt av turen til Vettisfossen (høyre). Jo kraftigare gulfarge, jo meir ferdsel. Kilde: Strava Heatmap*

Vi har nytta Strava Heatmap for å sjå på ferdselsmønstre og friluftaktivitet i området. Strava Heatmaps er eit verktøy for å visualisere kor folk har sykla, løpt eller gjort andre aktivitetar, basert på Strava-brukarars GPS-data. Kartet oppdateres månedleg. Karta over viser aktivitet til fots (vandring, løping) registrert av Strava-brukarar i Utladalen. Jo lysare og meir intense fargar (rød – gul – oransje), jo meir trafikkert er ruta. Mørke område har lite eller ingen aktivitet. Vi ser at dei aller fleste som går til toppen av fossen held seg til stien.

Strava gir ikkje eit eksakt bilde på situasjonen, då det er sannsynleg at mange bruker stiane utan å registrere aktiviteten i denne appen. Verktøyet er allikevel interessant for å visualisere kor folk gjer ulike aktivitetar, særleg når ein kan sjå tal frå teljarar saman med aktivitetsbilete frå Strava.

Heatmap fra Strava viser også at det er mykje trafikk inn til botnen av Vettisfossen. Det ser ut til å vere vesentleg meir trafikk til botnen enn til utsiktspunktet på toppen. Vi ser også at mange fortset vandringa til DNT-hytta Vettismorki og vidare inn i Jotunheimen.

Turen til Vettisfossen er ein tur som har forholdsvis lang sesong. På grunn av vernet og sårbare artar som har tilhald i området, ynskjer nasjonalparkforvaltninga at turen ikkje vert marknadsført som ein tur med lang

sesong. Det er ynskjeleg at ferdselen primært skal foregå frå juni til september/oktober.

Vi får inntrykk av at det er knappheit på ressursar og kapasitet i forvaltninga til å kunne være forberedt på ein ytterlegare auke i ferdsel. Ein ytterlegare auke i besøk vil også utfordre toalettsituasjonen, spesielt inne ved Vetti.

### **Forslag til tiltak / anbefalinger:**

#### ***Infrastruktur, transport og parkering***

For å unngå at besøkande parkerer i vegen, kan det være hensiktsmessig å utvide parkeringsplassen på Hjelle ytterlegare. Dette vil vere kostbart, og vil krevje inngrep i kulturlandskapet, men kan redusere utfordringa med parkering i vegbanen på store utferdsdagar.

Eit anna tiltak, som vi meiner er meir aktuelt, kan vere å etablere ei ordning med at besøkande, i høgsesongen, parkerar i Årdal og tek shuttlebuss inn til besøkssenteret. Det kan redusere behovet for biltrafikk inn Utladalen, og ein kan benytte busstransporten til å gi god informasjon om verneområdet og turen inn dalen. Ein slik ordning avheng av at det er tilgjengeleg areal til parkering i Årdal.

Det kan være lurt å gje tydelegare informasjon om at det er toalett i besøkssenteret og ved Vetti (når garden held åpent).

#### ***Stien og skilting / merking***

Vettisstigen opp frå Vetti gard og til utsiktspunktet ser ut til å tole dagens nivå på besøk relativt godt. Vi får opplyst at det er planar om ytterlegare sikring og styrking av stien både i dei bratte partia og oppe ved utsiktspunktet, noko som bør følges opp. For å unngå nye, uønska «villstier» kan det vere nyttig å fjerne

uønska stiar og revegetere på plassar der uønska stiar går ut fra den prefererte stien.

Det er god informasjon og skilting i området, men for å styrke budskapane kan det være nyttig å samle informasjon på færre skilt og bruke skilt med same profil. Det vil og vere nyttig å definere vanskelighetsgrad på Vettisstigen. Stien bør verte merka i tråd med malen i Merkehandboka. Det er også viktig at naudsynt informasjon som droneforbud, båndtvang, bålforbod og andre «allemannsplikter» kjem tydeleg fram i skilting og formidling. Dette gjeld både på nettsider og på skilt knytta til turmålet.

SPOR meiner det er viktig å følge utviklinga av besøk tett gjennom ferdselsteljarar. Vi anbefalar at ein set opp teljar både inn mot botnen av fossen og opp Vettisstigen for å få ein betre total oversikt over ferdselen.

#### ***Ansvarleg marknadsføring / formidling***


Vi anbefalar at nasjonalparkforvaltinga og destinasjonsselskapa saman ser på korleis turmål innafor vernegrensene vert omtala og marknadsført. Vi meiner det er eit behov for å gå gjennom bruk av bilete og tekst der det er benyttet droner og forklare at desse bileta er tekne med dispensasjon. Vi anbefalar også at bilder som er tekne fra plassar der man ikkje vil at folk skal gå, bør bli fjerna frå destinasjonane sine nettsider.

Vi meiner det vil vere nyttig at nasjonalparkforvaltninga og destinasjonsselskapet går saman om å definere korleis dei skal marknadsføre Utladalen og Vettisfossen.

## KONGEVEGEN i Lærdal kommune - VINDHELLAVEGEN



*Foto: Venste – skilt til parkering og startpunkt for Vindhellavegen på Rimskjold (foto: Trygve S. Kolderup). Høgre – Vindhellavegen sett fra øvst i svingane (foto: Haaken Christensen)*



*Kart: Venstre: Den blå streken viser Vindhellavegen. Den grønne er Sverrestien. Høgre: Meir detaljert kart som viser parkeringsplass på Rimskjold og detaljer på Borgund.*

**Lengde:** Vindhellavegen er ca 1,7 km lang frå Rimskjold til Borgund (ved besøkssenteret)

**Sesong:** April – november

**Toalett:** Det er toalett på besøkssenteret på Borgund

**Parkering:** Det er parkering ved Rimskjold og på besøkssenteret for Borgund stavkyrkje

**Antall turgåere:** Usikkert, teljarar verker ikkje

**Skilting:** Det er skilta med ulike profilar og format.

**Verneområde:** (ja/nei – evt hvordan)

**Beskriving på Visit Kongevegen:**

<https://www.visitkongevegen.no/opplevingar/delstrekningar/vindhellavegen/>

**Beskriving på Visit Sognefjord:**

[https://www.sognefjord.no/listing/kongevegen-h%c3%b8gdepunkta-\(vindhella-galdane\)/644906306/](https://www.sognefjord.no/listing/kongevegen-h%c3%b8gdepunkta-(vindhella-galdane)/644906306/)

**Offentleg transport:** Det gjeng dagleg buss med Tide fra Lærdal og Borlaug.

## Om turmålet

Kongevegen over Filefjell til Lærdal er ein gammal ferdselsveg mellom Østlandet og Vestlandet, ein viktig veg fra gammalt av mellom Oslo og Bergen. Vegen var tidlegare ein rideveg, og på slutten av 1700-talet blei den første køyrevegen for hest og kjerre mellom Austlandet og Vestlandet bygd. Vegen er i dag ein turrute og eit reiselivsprodukt med stort besøk. Statens Vegvesen er eigar av vegen. Kongevegen er delt opp i 13 delstrekningar mellom Lærdal og Vang i Valdres.

Vindhellavegen er ein av strekningane på Kongevegen. Vindhellavegen går gjennom det trange og bratte Vindhellaskaret ovenfor Borgund Stavkyrkje, og vegen svingar seg med bratte hårnålar gjennom skaret og ned til Rimskjold.

Vindhellavegen er ein av dei mest besøkte etappene på Kongevegen. Strekninga treff godt på sentrale reiselivstrendar; turen er ganske kort og enkel for dei fleste, og det er ein fin kombinasjon av natur og kultur. Den er del av «Fredete eiendommer i landsverneplan for Statens vegvesen – veganlegg», forankra i Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer<sup>6</sup>.

Statens vegvesen har ansvar for å ta vare på kulturminne som reflekterer norsk veghistorie<sup>7</sup>. Etaten har ein nasjonal verneplan som seier korleis kulturminneverdiane til objekta skal sikras gjennom istandsetting, skilting, skjøtsel og vedlikehald.

Statens vegvesen har eit ansvar for å legge til rette lengre strekninger av dei første statleg bygde hovedvegane. Dette omfattar kongevegar og postvegar, og å legge til rette desse som historiske vandringsvegar. Vandringsvegar som Kongevegen over Filefjell bidreg til bevaring av kulturminne med høg verneverdi. Slike prosjekt bidreg også til lokal verdiskaping og folkehelse gjennom å vere attraktive reisemål.

Det er Statens Vegvesen som har ansvaret for turstigen/vegen, men vedlikehald og skjøtselsansvar er lagt til Lærdal kommune gjennom ein driftsavtale. Turstigen/vegen toler nok mye ferdsel, men det er behov for jevnleg vedlikehald, mellom anna på grunn av synkehol og fare for utglidning nederst mot Rimskjold<sup>8</sup>.

## Ferdsel på Vindhellavegen

Det er mange som vandrar på Vindhellavegen, men utan fungerande teljar er det ikkje oversikt over antal besøkande. Systematisk vedlikehald førebygger slitasje på vegen. Turen kan man gå frå både Borgund og frå Rimskjold. Frå Borgund kan man følgje ein sti til Vindhellavegen. Denne er skilta, men ikkje lett

---

<sup>6</sup> Riksantikvaren [landsverneplaner Statens Vegvesen](#)

<sup>7</sup> Statens Vegvesen, [Historiske vegar](#)

<sup>8</sup> Rapportering Kongeveg 2024. Lærdal Kommune.


å finne. Frå Rimskjold går man rett inn i Vindhellavegen. På befaring vert det tydeleg at det er behov for ein betre kobling (mellom anna med tydelege skilt) mellom Vindhellavegen og Sverrestigen dersom man ynskjer at denne skal fungere som ein rundtur.

Dei fleste vandrarene på Vindhellavegen er individuelle besøkande som køyrer eigen bil eller bubil. Mange kombinerer vandring på Vindhellavegen med å besøke stavkyrkja. Det finst ingen god registrering av antalet som går Vindhellavegen / Sverrestigen, men med 63.000 besøkande til stavkyrkja / besøkssenteret er det rimeleg å anta at det er eit stort anta som også går Vindhellavegen.

Gjennom samtalar med aktørar kjem det fram at det er eit aukande omfang av syklistar på strekninga, men det finst ingen dokumentasjon på dette. Sykling kan vera ein utfordring på strekninga, både med tanke på slitasje og med tanke på møte mellom vandrare og syklistar i dei bratte bakkane og på smalare parti av vegen.

Sau beiter i området og det er viktig å stenge grunder og at hunder går i band. Det er god informasjon om dette på skilt på relevante plassar.

Visit Kongevegen og nettstaden [www.kongevegen.no](http://www.kongevegen.no) er eit samarbeid mellom omtrent 40 verksemdar langs Kongevegen, fra Valdres til Lærdal. Visit Kongevegen er også medlem i Visit Sognefjord. På Kongevegen.no tilbyr dei ulike turar og opplevingar knytt til Kongevegen. Mange av desse opplevingane vert tilbydd med guide.



Figur: Kartene viser Strava heatmap for vandring på Vindhellavegen og Sverrestien (venstre) og sykling på Vindhellavegen (høyre). Jo kraftigere gulfarge, jo mer ferdsel.  
Kilde: Strava Heatmap

Strava-karta viser at det er mykje ferdsel til fots på både Vindhellavegen og Sverrestien, og det er også noko vandring på hovudvegen. Biletet til høgre viser at det er relativt lite sykling på sjølve Vindhellavegen.

### **Borgund stavkyrkje og besøkscenter**

Borgund stavkyrkje er ein attraksjon som tiltrekk seg mange besøkande. I tilknytning til stavkyrkja ligg besøkscenteret. Dette inneheld stavkyrkjemuseum, reiseminnebutikk, kafe og toalett. Alle grupper må bestille på førehand, slik at leiinga ved besøkscenteret til ein kvar tid har oversikt over kor mange bussar som kjem og når dei kjem. Dei tek imot inntil seks bussar pr dag. I 2024 hadde stavkyrkja og besøkscenteret 63.000 besøkande. Omtrent 30 prosent av desse kom i grupper, resten var individuelle reisande. Omtrent 2000 besøkande kom med bussar frå cruiseskip i Flåm<sup>9</sup>.

<sup>9</sup> Marit Wøllo, dagleg leiar besøkscenter / Borgund Stavkyrkje. Pers.medd.

### **Toalett**

Det er toalett ved besøkssenteret. I utgangspunktet er tilgang til besøkssenteret kun for betalende gjester, men i praksis får alle individuelle gjester bruke toaletta. Bussgrupper utan bestilling kan ikkje bruke toaletta. På grunn av kapasitet får dei heller ikkje anledning til å betale for å bruke toaletta.

Handsaming av toalettspørsmål skapar utfordringar for besøkssenteret. Det er sett opp skilt på innsida av dodøra, der dei ber folk betale dersom dei kun bruker toalett og ikkje kjøper billett, men få tilbyr seg å betale.

### **Parkering**

Mange parkerar bilen eller bubilen ved besøkssenteret på Borgund og gjeng Vindhellavegen til Rimskjold. Derfrå kan man gå attende same veg, eller følge Sverrestien tilbake. Det er og parkering på Rimskjold, slik at man kan starte og ende turen der. Parkeringa på Rimskjold er ein populær nattparkering for bubilar.

Det er 2 reserverte plassar for bussar utanfor besøkssenteret og 33 plassar for bilar. "Bussparkeringa" vert ofte fylt opp av bubilar. Ein del av parkeringsplassen fungerer også som busstopp.

Parkeringa ved besøkssenteret nyttas av både besøkande til besøkssenteret og stavkyrkja, og av vandrarar som berre vil sjå Vindhellavegen. Det er ikkje lov å parkere over natta, men mange misforstår skilta som er sette opp. Det er utfordrande for besøkssenteret at det tidvis blir fullt på parkeringa og at bilar, bubilar og bilar med campingvogn vert ståande der lenge, slik at det blir lite rotasjon på parkeringsplassen.

### **Utfordringar / presspunkt**

#### **Besøksforvaltning knytt til stavkyrkja**

Det høge besøket til stavkyrkja er ei utfordring for det 850 år gamle bygget. Det foreligg retningslinjer for å legge til rette for ei god besøksforvaltning for kirken og besøkssenteret. Det kan verke som at kapasiteten er dimensjonert for å takle

besøkande til kyrkja og besøkssenteret, men ikkje for alle som skal gå Vindhellavegen. Det er altså ein utfordring at besøkssenteret er laget for kirken - ikke også for turgåere.

Besøkssenteret er del av billettområdet og det er ikkje lagt til rette for grupper som gjer "fotostopp". Mange som ferdas langs vegen vil stoppe og ta bilete av kyrkja, noko som fører til utfordringar på parkeringsplassen til besøkssenteret.

Dei som forvaltar stavkyrkja og besøkssenteret opplever at vandrarane sine bilar ofte legg beslag på mange av stavkyrkja og besøkssenteret sine parkeringsplassar. I 2024 var det ofte ikkje mogleg for bussane å få plass på bussparkeringa pga bubilar og campingvogner som sto parkert der over lengre tidsrom. Det er skilt og informasjon knytt til parkeringa ved besøkssenteret, men det verker som mange ikkje forstår skilta. Dette fører i nokre tilfelle til misforståingar, og parkering over natta forekjem ofte.

### **Toalett**

Det er ingen toalett for vandrarar eller fotostopp-turistar ved Borgund stavkyrkje eller i tilknytning til parkeringa på Rimskjold, utanom toaletta til besøkssenteret. Individuelle turistar får bruke toaletta i besøkssenteret. Dette bidreg til kø og ventetid for grupper som har bestilt omvising i kyrkja.

Besøkssenterets ansatte har ikkje kapasitet, eller ynskje, om å vere vaktbikkjer overfor individuelle besøkarar.

### **Informasjon, skilting og ansvarleg markedsføring**

Det er mykje informasjon tilgjengeleg langs vegstrekingene og i tilknytning til parkeringsplassar. Informasjonen dekkjer vegstrekingene, natur og historie. Gjennom synfaring og samtalar får vi inntrykk av at det er eit potensial for å sy opplevingar og infrastruktur betre saman, slik at det blir ein meir heilskapleg oppleving å besøke dei ulike vegstrekingane. Det vil vere nyttig å sjå nærare på informasjon til både turoperatørar og individuelle reisande, spesielt for å informere om parkering og toalettforhald. Eit døme er at informasjon frå stavkyrkja sine sider (<https://www.stavechurch.com/borgund2-stavkyrkje/>)

og på Visit Kongevegen sine sider manglar viktig informasjon om parkering og toalett ved Borgund.

Det kan også vere nyttig å legge betre til rette for at Vindhellavegen og Sverrestigen kan bli meir kjend som ein rundtur. Frå Rimskjold er det utydeleg kor man skal gå for å finne Sverrestigen og frå Borgund kan det opplevas som krevande å finne inngangen til stien opp til Vindhellavegen. Betre skilting og ein meir tydeleg inngang til Sverrestigen er relativt enkle tiltak som kan bidra til betre infrastruktur.

Besøksforvalting knytt til kyrkja / besøkssenteret verker å vere godt dimensjonert til formålet. Det ser ut til å vere ein utfordring at besøkssenteret er laga for kyrkja, og ikkje for turgåarane, og at besøksforvaltinga ikkje er dimensjonert til også å kunne handtere vandrarar langs Kongevegen / Vindhellavegen. Det vil vere nyttig å søke å finne løysingar som styrker heile opplevinga av kyrkje / besøkssenter / Vindhellavegen.

Det vil vere nyttig og avlastande for stavkyrkja og besøkssenteret om det plasseras eit toalett utanfor besøkssenteret, som alle kan nytta. Ein slik etablering må vurderas i forhold til kven som skal eige ansvaret og den daglege drifta og vedlikehald av toaletta. I fall besøkssenteret får midler til å drifte dette, vil Vindhellavegen kunne ha eit tilgjengeleg toalett som kan driftes på ein forhaldsvis rimeleg måte sammenligna med mange andre turmål.

Det er allereie eit breidt samarbeid knytt til Kongevegen. Det er potensial for ytterligare styrking av utviklingsarbeidet for å få til ein meir heilskapleg infrastruktur, skilting og informasjon. Mellom anna kan det styrke moglegheita for å løfte Vindhellavegen – Sverrestigen til ein meir brukt rundtur. I eit slikt samarbeid bør både reiselivsnettverk, kommune og vegeigar sette felles mål og fordele oppgåver og ansvar.

For å førebyggje utfordringar med parkering på Borgund, vil det vere nyttig med tydeleg tilrettelegging og skildring av Vindhellavegen og Sverrestigen som

ein rundtur med start og stopp på Rimskjold. Ved å nytte mellom anna UT.no og relevante destinasjonssider kan dette avlaste parkeringsutfordringar på Borgund. Det vil krevje at parkeringa på Rimskjold får betre informasjon og at inngangen til Sverrestien vert tydelegare skilta og merka.

Vi anbefaler å sette opp ein teljar på Vindhellavegen for å registrere antal turgåarar på turmålet. Innsikt i besøkstal og -mønster vil vere viktig for å måle effekt av besøksforvaltningsgrep og informasjonsarbeid. Dokumentasjon på besøkstall vil også vere relevant for å søke tilskot frå relevante tilskuddsordningar.

Meir heilhetleg skilting vil styrke budskapet og informasjonen som man ynskjer å få fram. I dag er det fleire ulike typar skilt og informasjonsplakatar langs Vindhellavegen og ved startpunkta på Rimskjold og Borgund. Tydelegare informasjon og klare budskap vil ha kanalisierende effekt og gjere det enklare for dei besøkande.

Hvis det ikkje er ynskjeleg at man skal sykle på Vindhellavegen må dette komme klarare fram i kommunikasjon og formidling knytt til stien.

## Kongevegen - Faktaboks Galdane



Turen frå parkeringa ved Seltun Gard over Galdane er ca 4,4 km lang. Det er toalett ved parkeringsplassen ved Sjurhaugen og utedo ved husmannsplassen

Galdane<sup>10</sup> og parkering ved Sjurhaugen og der vegen kjem ut ved Seltun Gard. Tal vandrarar er ikkje kjent då tellarane ikkje fungerer. Skilting og merking er gjort med ulike profilar og format både ved startpunkt og undervegs langs vegen.

Turen langs elva mellom Sjurhaugen og Seltun bru går i kulturlandskap der ein passerer fleire historiske husmannsplassar og tyske stillingar frå andre verdskrig. Turen går i eit område med spesiell naturtype og rik botanikk, og delar av turen går gjennom Galdane naturreservat<sup>11</sup>. Området er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Vegen vert rydda for å ivareta det biologiske mangfaldet. Vegen går gjennom eit område som er freda etter Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommar<sup>12</sup>.

### Forslag til tiltak og anbefalingar

- Skilting og informasjon bør gjerast med heilskapleg profil, same som på andre vegstrekningar på Kongevegen.
- Sette opp tellarar for å overvake ferdsel og utvikling i besøkstal.
- Hvis ein ikkje ønsker sykling på denne strekningen må det komme tydeleg fram i formidling og skilting gjennom heile kundereisa.

<sup>10</sup> Visit Kongevegen [Galdane](#)

<sup>11</sup> Statsforvalteren Vestland, [utkast forskrift](#)

<sup>12</sup> Lovdata [Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer](#)

## Oppsummering og generelle tilrådingar

Det vart valt ut fire turmål i arbeidet med toleevneanalysen. Fleire av utfordringane på dei fire turmåla er overførbare til andre turmål i Sognefjord-regionen.

Skilting i tråd med «Merkehåndboka» og eit medvite og gjennomtenkt forhold til marknadsføring av turmåla, er sentrale tilrådingar som går att på fleire plassar.

Tilpassing av infrastruktur som parkering og toalett er òg sentrale utfordringar. På fleire populære turmål har besøksvertar vist seg å ha god effekt for informasjon, besøksstyring og ønska ferdsel. På Kongevegen, Vettisfossen og Molden er det gode moglegheiter til å få til dette på ein effektiv måte ved at det er tilgjengelege personar som kan ta denne rolla på startpunkta. Dette er eit tiltak som korkje krev store investeringar eller naturinngrep, men som kan førebyggje slitasje og uønskt åtferd.

For å kunne dokumentere talet på turgåarar, vert det òg tilrådd å setje opp teljarar for å registrere trafikken. Dette vil kunne vere viktig for å dokumentere endringar i besøksmønster, og vil vere viktig dokumentasjon for søknader til ulike tilskotsordningar.

Det er fleire aktuelle tilskotsordningar for søknad om tilskot til gjennomføring av aktuelle tiltak:

### **Nasjonale turiststiar – Miljødirektoratet**

Tilskotsordninga skal bidra til å handtere og førebyggje utfordringar knytt til svært høge besøkstal. Dette kan vere slitasje, avfallshandtering, beredskap,

samt behov for informasjon. Ordninga omfattar turmål med stor attraksjonskraft og med svært høge besøkstal, der utanlandske turistar utgjer ein stor del. Destinasjonsselskap, frivillige organisasjonar og kommunar kan søke. Årleg søknadsfrist – vanlegvis i januar.

#### **Tilskot til verdiskaping basert på naturarven – Miljødirektoratet**

Tilskotsordninga skal bidra til at verneområde og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping som har ein langsiktig positiv effekt på natur, lokalsamfunn og næringsutvikling. Det kan givast tilskot til tiltak for kanalisering av ferdsel, ulike informasjons- og besøksforvaltningstiltak og prosjekt for å styrke samarbeid på turmålet. Destinasjonsselskap, frivillige organisasjonar, grunneigarar og kommunar kan søke.

Årleg søknadsfrist – vanlegvis i januar.

I tillegg er ofte lokale sparebankstiftingar aktuelle bidragsytarar. Fylkeskommunen kan òg ha tilskotsordningar som er relevante.

#### **Andre ressursar:**

Miljødirektoratet har ein rettleiar for besøksforvaltning i mykje vitja naturområde:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/naturvennlig-ferdsel/besoksforvaltning-i-mye-besokte-naturomrader/>

DNT har ein rettleiar for natur- og miljøvurderingar av ruter og turmål:

[https://www.dnt.no/globalassets/blokker-felles-for-alle/om-dnt/barekraft/veileder\\_natur-og-miljovurderinger-av-ruter-og-turmal\\_nov-2023\\_web.pdf](https://www.dnt.no/globalassets/blokker-felles-for-alle/om-dnt/barekraft/veileder_natur-og-miljovurderinger-av-ruter-og-turmal_nov-2023_web.pdf)

